

# Årsmøte for Sogndal Venstre 2018

---

Stad: Kommunehuset i Sogndal

Tid: 23. januar 2018 kl. 19.00

Frammøtte: 8 medlem i Sogndal Venstre

Møtet starta felles med Balestrand og Leikanger Venstre. Vigdis Tønning og Gunn Merete Paulsen frå Sunnfjord fortalte om deira prosess og erfaringar så langt i samanslåinga av lokallaga. Frå 1.2. 2018 blir lokallaga frå Jølster, Naustdal og Førde til Sunnfjord Venstre, truleg også Gaular. Dei har opplevd meir overskot til politikk med fleire medlemmer og eit større lag, mellom anna ved å skipe til arrangement som «pils og politikk». Dei har laga til nye vedtekter på nynorsk, og har tilpassa standardvedtektene til deira forhold. Lokallaga Balestrand, Leikanger og Sogndal hadde mange spørsmål til Sunnfjordingane.

Dampskipskaaien hadde laga god, heimelaga tapas i godt monn til dei 18 Venstre-medlemmane som var på fellesmøtet.

Balestrand, Leikanger og Sogndal Venstre diskuterte felles politiske fråsegner. Leikanger hadde framlegg til fråsegn om bibliotek (publiserast lokalt, men sendast også til fylkesårsmøtet?), Vitensenter (sendast til Venstre sentralt) og plastureining (publiserast lokalt). Sogndal hadde fråsegn om ein estetisk rettleiar for identitet og lokal byggeskikk (Eyvind får fullmakt til å formulere denne) og nasjonalparker (Maria inkluderer omgrepet næringsutvikling sterkare i teksten). Sistnemnte vert sendt til fylkesårsmøtet, fråsegnet om estetisk rettleiar blir publisert på lokalt hald.

## Årsmøtereferat

- a) Merknad til innkallinga: Ingen merknadar
  - b) Merknad til sakslista: Ingen merknadar
  - c) Val av møteleiar: Forslag om Hans Haugen. Samrøystes vedteke
  - d) Val av referent: Forslag om Maria Knagenhjelm. Samrøystes vedteke
  - e) Val av to medlem til å underskrive møteboka: Forslag om Eyvind Øgar og Christen Knagenhjelm. Samrøystes vedteke
- 2. Årsmelding med rapport frå gruppeleiar**

Årsrapporten og rapporten VOK-utvalet vart delt ut til alle frammøtte. Årsrapporten vart godkjent med følgjande endringar på side 2: Christen Knagenhjelm: Medlem i Kyrkjeleg Fellesråd. Gruppeleiar sa at det hadde vore mange tunge sakar i 2017, og mykje lesing. Kommunestyremedlemmane sa at 2017 hadde likevel vore eit lettare år å være i opposisjon grunna betre samarbeid mellom opposisjonspartia.
- 3. Rekneskap**

Rekneskapet til Sogndal Venstre vart godkjent av årsmøtet. Leiar gikk gjennom tala. Sogndal Venstre har kr 41 589,- på konto. Årsmøtet meinte at det ikkje var ideelt at leiar hadde vore fungerande kasserar. Nils Tore Opheim og Ingunn T. Løvik hadde revidert rekneskapen, og alt blei godkjent. Samrøystes vedteke.

#### 4. Vedtekter

Vedtektene er omset til nynorsk, og dette vil fellesnemnda kunne jobbe med fram mot samanslåing av dei tre laga Sogndal, Leikanger og Balestrand.

#### 5. Kontingent

Årsmøtet vedtok at medlemskontingenten for 2018 for Sogndal Venstre sine medlem skal vere kr 300,-. Dette følg den nasjonale «standarden». Kontingent for ikkje-yrkesaktive vart vedteke til kr 150,- Samrøystes vedteke.

#### 6. Val

Disse var på val og vart samrøystes valt av årsmøtet til å inneha verv i Sogndal Venstre (vi gratulerer):

|         |                      |                           |
|---------|----------------------|---------------------------|
| Styret: | Hans I Haugen        | (leiar)                   |
|         | Are Kvistad          | (nestleiar)               |
|         | Christen Knagenhjelm | (styremedlem)             |
|         | Eva Ramstad          | (styremedlem og kasserar) |
|         | Eyvind Øgar          | (styremedlem)             |

Vara til styret: Bjarte Haugen  
Jo Marius Bøyum  
Ingunn Torstad Løvik

Revisorar: Dag Digernes (ny)  
Ingunn Torstad Løvik

Arbeidsgruppe Nye Sogndal Venstre: Dag Digernes  
Maria Knagenhjelm

Arbeidsgruppa vil jobbe med dei oppnemnte frå laga Leikanger og Balestrand Venstre fram til ein samanslåing av dei tre lokallaga. Dei to oppnemnte frå Sogndal Venstre må jobbe tett med styret. Eit mandat må utarbeidast. Fram til nominasjonsmøtet i 2019 må arbeidsgruppa jobbe med ei liste. Samrøystes vedteke.

#### 8. Politiske fråsegner

Følgjande fråsegn for lokalt nivå vart vedteke med fullmakter: 1. Kommunalt renseanlegg for avløp til fjorden (Eva fekk fullmakt til å formulere denne) 2. Estetisk rettleiar (Eyvind fekk fullmakt til å jobbe med denne). Årsmøtet var einige om at fråsegnene skulle publiserast i lokale medium. Samrøystes vedteke.

#### 9. VO-utval

Framlegg om at styret fungerer som VO-utval. Samrøystes vedteke.

#### 10. Val av to utsendingar til fylkesårsmøtet i Florø 10.-11.februar

Are Kvistad og Eva Ramstad. Maria Knagenhjelm og Merete Holm Wikan vart valt som vara. Samrøystes vedteke.

**11. Fråsegn til fylkesårsmøtet.**

Felles fråsegner til fylkesårsmøtet frå Sogndal, Leikanger og Balestrand: Om vitensenter, plastureining, om nasjonalparkar si rolle (sendast til fylkesårsmøtet før 1. februar).  
Samrøystes vedteke.

Kaupanger, 26.01.18

Maria Knagenhjelm, ref.